

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
093/17	Plan- og miljøutvalet	PS	19.09.2017

Saksbehandlar	ArkivsakID
Frøydis Ones	14/5368

Uttale til planprogram for arealdelen av kommuneplanen 2018 - 2019, Gulen kommune

Vedlegg :

Høyringsutkast til planprogram for kommuneplanen sin arealdel 2018-2030
Planoppstart med planprogram for rullering av kommuneplanen sin arealdel for Gulen 2018-2030.pdf
Planprogram Arealdel 2017.pdf

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Plan- og miljøutvalet ber om at det i planarbeidet vert teke initiativ til dialog med Lindås kommune dersom det vert vurdert endringar i søre del av planområdet i sjø. Ut over dette har ikkje Lindås kommune merknader til planprogrammet.

Plan- og miljøutvalet - 093/17

PM - behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

PM - vedtak:

Uttale i Plan- og miljøutvalet - 19.09.2017:

Plan- og miljøutvalet ber om at det i planarbeidet vert teke initiativ til dialog med Lindås kommune dersom det vert vurdert endringar i søre del av planområdet i sjø. Ut over dette har ikkje Lindås kommune merknader til planprogrammet.

Saksopplysningar:

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i Plan- og miljøutvalet

Bakgrunn

SAMANDRAG

Lindås kommune har fått planprogram for arealdelen av kommuneplanen på høyring frå Gulen kommune. Gulen og Lindås har fellesgrense i sjø, og det er som nabo Lindås kommune gir uttale til planprogrammet. Administrasjonen tilrår ein dialog mellom Gulen og Lindås kommune dersom det er planar om endring i desse sjøareala.

SAKSOPPLYSNINGAR

Gulen kommune har sendt planprogrammet for arealdelen av kommuneplanen til offentleg ettersyn, med merknadsfrist 20. september. Arealdelen skal reviderast i perioden 2017 – 2018.

Overordna mål og strategiar for framtidig utvikling av kommunen gitt i samfunnsdelen vil vere eit grunnlag for rulleringa av arealdelen. Endring av trendar og behov i arealbruk som har gjort seg tydeleg etter førre rullering vil saman med innkomne innspel også vere grunnlag for planarbeidet.

Formålet med rulleringa: «... er å oppdatere og tilpasse plangrunnlaget betre til endra trendar og behov innanfor arealbruk, og å vidareføre eksisterande arealdel i ein meir oppdatert form.» (Planprogrammet s.7).

Satsingsområde i samfunnsdelen er relevant for planarbeidet. Strategiar som vert vurdert som aktuelle også for arealdelen er følgjande (desse er nærare omtala i kapittel 2.6 i vedlagt planprogram):

- Sikre gode og tilstrekkelege areal for næringsutvikling
- Setje av område for bustadbygging, offentlege føremål, m.m.
- Setje av område for vidare sentrumsutvikling med fokus på kultur og handel
- Avklare trafikktryggleik og nettverk for fleire og ulike trafikantar
- Avklare buffersone mellom dei ulike områda

RÅDMANNEN SI VURDERING

Saka vert lagt fram for plan- og miljøutvalet slik at Lindås som nabokommune kan gje uttale til rammene for planarbeidet, og gje innspel til tema som bør vurderast i planarbeidet.

Administrasjonen vil tilrår at Gulen kommune tek initiativ til kontakt mellom kommunane dersom det vert vurdert å leggje inn endringar i søre del av sjøområdet, slik at eventuelle

uklarheiter og problemstillingar vert klarlagt tidleg i planarbeidet.